

4H-klubbane
Medlemsorganisasjonane
4H-fylkesstyret
SOFA, Sogn og Fjordane 4H-alumnklubb
4H-gardane
Valnemnda



Førde 1. desember 2023

Innkalling til fylkesårs møte i 4H Sogn og Fjordane

4H Sogn og Fjordane kallar inn til fylkesårs møte på Nordfjord Hotel, søndag 11. februar 2024.

4H-klubbane kan møte med 2 representantar med røysterett. I tillegg kan dei møte med observatørar.

Viser til normalvedtektene for 4H-klubbane, §5 Årsmøtet.

f. Val for eit år av:

- 2 representantar med vararepresentantar til årsmøtet for 4H i fylket.

Sakliste:

1. Konstituering av fylkesårs møte
 - 1.1 Opning og namneopprop
 - 1.2 Godkjenning av innkalling og sakliste
 - 1.3 Val av referent og teljekorps
 - 1.4 Val av to til å skrive under protokollen
 - 1.5 Godkjenning av forretningsorden
2. Årsmelding 2023
3. Rekneskap 2023
4. Årsplan 2024 og 2025
5. Fastsetjing av refusjon og godtgjersle for fylkesstyret
6. Revidering av budsjett for 2024
7. Budsjett 2025 og 2026
8. Vedtektsendringar
9. Årsmøteuttale
10. Tilsetjing av revisor
11. Val
 - A. Ordførar og varaordførar
 - B. Leiar og fylkesstyre
 - C. Vararepresentantar til fylkesstyret
 - D. Valnemnd
 - E. Delegatar m/vara til Landsmøtet

Avslutning

Postadresse: Hafstadgården, Fjellvegen 11, 6800 Førde • **Besøksadresse:** Hafstadgården, Fjellvegen 11 • **Telefon:** 951 80 409

E-post: Organisasjonsrådgjevar Helene Lundekvam, helene.lundekvam@4h.no •

Internett: www.4h.no/sognogfjordane • **Bankgiro:** 3700 07 09132 **Organisasjonsnummer:** 991 796 266

Praktisk informasjon:

Registrering og oppmøte til årsmøtet er frå kl. 09:15. Årsmøtet startar kl. 10:00 og vil verte ferdig ca. kl. 15:00. Det bli lunsj på hotellet under møtet.

I førekant av årsmøtet er det SUPERHELG i 4H med styrekurs for medlemmar i klubbstyra. Årsmøtet er ein del av den demokratiske opplæringa under styrekurset og er obligatorisk for alle deltakarane.

Registrering til årsmøtet må de gjere klubbvis ved åtkomst.

Det er òg mogleg å møte berre på årsmøtet for representantar frå 4H-klubbane.

Pris:

Styrekurset er i år GRATIS for klubbstyra!

Klubben betalar kr 400 per deltakar for årsmøtet.

Faktura blir sendt til klubbane, som òg betalar reisekostnader.

Påmelding:

Påmelding via link: [Fylkesårsmøte 4H Sogn og Fjordane](#)

Du kan òg melde deg på via «Min side» (oppe i høgre hjørnet) på heimesida [4H Sogn og Fjordane - 4h](#) Legg inn medlemsnummeret ditt og passord, eventuelle allergiar, sjukdomar eller liknande. Årsmøtepapira vert sendt ut på e-post.

Merk, påmelding Superhelg: Hugs å melde deg på rett kurs! Du som skal på styrekurs melder deg på «Superhelg = styrekurs og årsmøte» og det delkurset du skal delta på (leiar/nestleiar, sekretær, kasserar, ny i klubbstyret, friluftsliv eller trivselskurs) Du er automatisk påmeldt fylkesårsmøtet om du ikkje gir melding om noko anna. Her er ein direkte link til påmelding: [Superhelg 2024!](#)

Påmelding for medlemsorganisasjonar og andre som vil delta på årsmøtet: Send mail til sfj@4h.no . Pris for deltaking er kr 400,-. Det vert fakturert frå 4H Sogn og Fjordane.

Påmeldingsfristen er 21. januar

Sakspapira vert sendt til dei påmelde deltakarane 2 veker før årsmøtet. Sakspapira og vedtektene til 4H Sogn og Fjordane kan du òg laste ned frå [nettsaka om fylkesårsmøtet](#)

Vel møtt!

Med helsing



Eirik Førde
Ordfører i fylkesårsmøtet



Camilla Nesheim
Leiar

Medlemsorganisasjonar i 4H Norge

Det Norske Skogselskap
Norges Bondelag
Norges Bygdekvinnelag
Norges Jeger- og Fiskerforbund
Norges Skogeierforbund
Norsk Bonde- og Småbrukarlag

1 representant frå fylkesleddet i kvar medlemsorganisasjon til 4H Norge møter i Fylkesårsmøtet (§ 2 i vedtektene), utan røysterett.